

Møte tysdag den 27. mars kl. 14.45

President: J o r u n n R i n g s t a d

D a g s o r d e n (nr. 27):

1. Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) (Innst. O. nr. 59 (2000-2001), jf. Ot.prp. nr. 35 (2000-2001))
2. Referat

Statsråd Olav Akselsen la fram 2 kgl. proposisjonar (sjå under Referat).

Presidenten: Representanten Kristin Halvorsen vil setje fram eit privat lovframlegg.

Kristin Halvorsen (SV): Jeg vil på vegne av Karin Andersen og meg selv sette fram et forslag om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 17 om husleieavtaler (husleieloven) for å dempe store husleieøkninger i leiet markedet, sikre bedre botrygghet for leietakere og likestille brukerbetalningen i tvisteløsningsutvalget og forlikrådet.

Presidenten: Lovframlegget vil bli handsama etter reglementet.

S a k n r . 1

Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) (Innst. O. nr. 59 (2000-2001), jf. Ot.prp. nr. 35 (2000-2001))

Presidenten: Etter ynske frå energi- og miljøkomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir avgrensa til 45 minutt, og at taletida blir fordelt slik på gruppene:

Arbeidarpartiet 10 minutt og dei øvrige gruppene 5 minutt kvar.

Vidare vil presidenten foreslå at det blir gitt høve til replikkordskifte på inntil tre replikkar med svar etter innlegg frå medlemmer av Regjeringa.

Vidare vil presidenten foreslå at dei som måtte teikne seg på talarlista utover den fordelte taletida, får ei taletid på inntil 3 minutt.

– Presidenten ser det som vedteke.

Gunn Karin Gjøl (A) (ordfører for saken): Hovedutfordringene i norsk energipolitikk er å begrense forbruket av energi, redusere bruken av elektrisitet og satse på nye fornybare energikilder.

I forbindelse med behandlinga av energimeldinga i fjor vår støttet Arbeiderpartiet, sentrumspartiene og SV en målsetting om å bruke 4 TWh mer vannbåren varme samt å bygge vindkraftanlegg som produserer 3 TWh

innen 2010. Målet om å begrense bruken av energi ble også støttet.

Skal vi greie denne omlegginga, er vi avhengig av en mer effektiv organisering og en mer stabil finansiering. I dag er omleggingsarbeidet uoversiktlig, fragmentert og ressurskrevende. Vi vet ikke hva vår innsats egentlig gir av resultater.

Komiteen, alle unntatt Fremskrittspartiet, støtter Regjeringas forslag om å samle virksomheten i en ny energiinstitusjon. Enova, som blir navnet på denne institusjonen, skal overta det arbeidet og det ansvaret som i dag er delt mellom NVE og distribusjonsselskapene.

Komiteens flertall er opptatt av at Enova i størst mulig grad skal benytte eksterne samarbeidspartnere. I dette ligger det at Enova ikke skal utvikle seg til å bli en utøvende institusjon.

Regjeringa har bestemt at det nye organet skal lokaliseres til Trondheim. Det er et fornuftig valg ut fra Enovas behov for rekruttering av kompetente fagfolk. Trondheims bredt sammensatte arbeidsmarked og sterke energifaglige og teknologiske miljø sikrer muligheten til å skaffe nødvendige ressurspersoner.

De regionale enøkssentrene innehar stor kompetanse og kjenner behovene i omleggingsarbeidet svært godt. Disse sentrene vil få en ny oppdragsgiver og vil med tiden måtte konkurrere på lik linje med andre aktører. Men jeg er ganske overbevist om at deres unike posisjon gjør at de har de beste forutsetninger for å lykkes.

Arbeiderpartiet, sentrumspartiene og SV støtter Regjeringas forslag til en ny finansieringsmodell, hvor organet finansieres gjennom to inntektskilder, et påslag på nettariffen samt midler fra statsbudsjettet. Midlene plasseres i et fond som finansierer Enovas aktiviteter.

For å få til dette må det gjøres en endring i energiloven. Påslaget på nettariffen lovfestes og gjøres obligatorisk. Arbeiderpartiet, sentrumspartiene og SV er enig i at påslaget blir fastsatt til 0,3 øre. Men samtidig ber vi om at Regjeringa ser på muligheten for å utvide grunnlaget til også å omfatte annet stasjonært energiforbruk. Vi mener det ikke er rettferdig at det kun er vannkraft som skal være med og finansiere den store omlegginga i vårt energisystem.

Arbeiderpartiet er opptatt av at de statlige overføringene til fondet skal holdes på et høyt nivå. De faste inntektene fra påslaget på nettariffen må ikke bli en sovepute for staten. Vi er avhengig av penger fra begge kildene for å greie våre ambisiøse mål.

Arbeiderpartiet mener at naturgass også hører med som en del av omlegginga av vårt energisystem. Arbeiderpartiet er av den grunn uenig i Kristelig Folkeparti, SV og Venstres forslag om å etablere et eget senter for gass. Vi mener det er lite hensiktsmessig å starte en nødvendig samlingsprosess med å splitte aktivitetene gjennom å etablere ulike institusjoner for alternative energikilder.

En samlet organisering i Trondheim innebærer en mulighet til å vurdere forskjellige energiløsninger opp mot hverandre. Det gjør at man kan velge det best egnede alternativet i hver enkelt situasjon ut fra lokale forhold og miljø.

Dersom det virkelig er slik at Kristelig Folkeparti, SV og Venstre er redd for at det skal bli brukt for mye penger på gass, burde disse partiene ha skrinlagt disse planene. Et nasjonalt kompetansesenter for gass fordrer i utgangspunktet langt mer penger enn det Regjeringa i denne omgang legger opp til at Enova skal ta hånd om.

Arbeiderpartiet er likevel ikke avvisende til en framtidig etablering av et slikt kompetansesenter. Men vi må starte i riktig ende. Først må Stortinget få seg presentert en nasjonal strategi for innenlands bruk av gass. Deretter må vi bestemme omfanget av en slik strategi. Og til slutt må vi finne ut om det er behov for et eget kompetansesenter for å få gjennomført denne strategien.

De vedtakene vi gjør her i dag, vil få betydelige konsekvenser for om vi lykkes i omlegginga av forbruket av energi til fornybare energikilder.

Bror Yngve Rahm (KrF): Da Stortinget behandlet energimeldingen, gikk flertallet inn for at det skulle bevilges 5 milliarder kr over ti år til omlegging av energibruk og energiproduksjon, og at det skulle opprettes et nytt frittstående organ med ansvar for energisparing og nye fornybare energikilder.

Energimeldingen representerte en viktig korsvei i arbeidet med å stake ut en annen kurs, både når det gjelder nye fornybare energikilder, og når det gjelder å effektivisere bruken av energi. Her har Stortinget sagt at den store utbyggingsepoken for vannkraft er over. Nå er det på tide å gjøre de nødvendige grep for å få til teknologiske og miljømessige forbedringer i energi- og elektrisitetsproduksjonen. Norge har dessuten undertegnet internasjonale avtaler som binder oss til å redusere utslippene av klimagasser, og disse klimaavtalene gir føringer for energipolitikken vår.

Tiltak for en mer effektiv energibruk og energiøkonomisering står sentralt i en miljøvennlig energipolitikk og i en langsiktig og forsvarlig forvaltning av energiresursene. For Norge er det også viktig å kombinere rollen som en stor energiproducent med det å være et foregangsland innen miljøpolitikken. Det er derfor viktig at vi som energinasjon i større grad legger opp til å bruke og utvikle nye fornybare energikilder og tilrettelegge for større grad av energifleksibilitet for å sikre en fortsatt miljøvennlig energiproduksjon.

Samlingen av enøkarbeidet og annen energiomlegging i én institusjon er svært viktig for å skape kostnads-effektivitet og for å samle kompetanse. Kristelig Folkeparti mener dessuten at det er grunnlag for en opptrapping av påslaget på overføringstariffen og en utvidelse av grunnlaget til også å omfatte annet stasjonært energiforbruk. Dette ville ha gjort det mulig å oppnå et satsingsnivå som er i tråd med det Stortinget sa ved behandlingen av energimeldingen, men som det dessverre ikke ble flertall for i komiteen denne gang.

Kristelig Folkeparti mener det er viktig å ha overordnede miljøpolitiske mål som sikrer at en eventuell parallellsatsing ikke favoriserer en fossil energikilde. Derfor foreslo vi i budsjettforhandlingene med Arbeiderpartiet at gassatsingen skulle skilles ut i en egen budsjettpost,

noe vi også fikk gjennomslag for. Denne logikken mener vi også burde ha ligget til grunn for opprettelsen av det nye organet, men jeg tar til etterretning at flertallet her i dag går inn for at økt gassbruk innenlands skal være en del av det nye organet.

Kristelig Folkeparti ønsker også en økt satsing på naturgass som energikilde, men mener likevel det er viktig å ha med seg at gass ikke er en fornybar energikilde, og at en satsing på gass kan ta ressurser fra arbeidet med energiøkonomisering. Manglende infrastruktur er en av barrierene for økt bruk av nye fornybare energikilder i Norge i dag. Utbygging av infrastruktur for gass er svært kapitalkrevende og kan skje i direkte konkurranse med utbygging av fjern- og nærvarmenett.

Kristelig Folkeparti representerte mindretallet i komiteen med ønsket om at det skal etableres et nasjonalt senter for gass, og at dette skal lokaliseres til Haugalandet. Her er gass i bruk på svært mange områder, og kompetansen og miljøet har vokst fram uavhengig av sentral støtte. I en helhetlig strategi for bruk av gass innenlands, slik Regjeringen nå skal komme med, ville det være naturlig at man tok utgangspunkt i aktiviteten ved det nasjonale gassenteret på Haugalandet.

Gass og nye fornybare energikilder kan utvilsomt komme i konflikt med hverandre dersom man ikke skiller den politiske satsingen på henholdsvis fornybare og ikke fornybare energikilder. Kristelig Folkeparti registrerer at Arbeiderpartiet og flertallet ikke ønsker et slikt skille.

Til slutt tar jeg opp mindretallsforslaget i innstillingen om etablering av et nasjonalt senter for gass lokalisert til Haugalandet.

Presidenten: Representanten Bror Yngve Rahm har teke opp det forslaget han refererte til.

Bent Høie (H): Høyre har lenge etterlyst en mer rasjonell og markedsorientert håndtering av statens satsing på energiøkonomisering. Senest i budsjettinnstillingen understreket vi at markedet i større grad må tas i bruk. Selv om vi innledningsvis var skeptiske til et nytt statlig organ, er vi nå glade for at vi har fått gjennomslag for en sterkere markedstenkning også på dette området.

Det nye organets oppgave er å sikre flest mulig sparte og miljøvennlige energienheter uten selv å bygge opp en organisasjon for operativt arbeid. Arbeidet skal utføres av alle de miljøene som har gode ideer, og som jobber med prosjekter knyttet til enøk. Vi er spesielt glade for at flertallet er enig i at departementet skal utarbeide klare suksesskriterier for virksomheten.

Men dette er ikke en sak som bare dreier seg om organiseringen av arbeidet med energiøkonomisering, den dreier seg også om en ny fast avgift på elektrisk kraft. Høyre er imot dette av to grunner. For det første mener vi at husstandene allerede betaler for høye avgifter knyttet til sitt forbruk av elektrisitet. Flertallet åpner for å øke avgiften og finne flere områder å kreve den inn på. Dette viser at denne avgiften snart vil kunne brukes som et redskap for å øke strømprisene i Norge. De samme partiene

har lovet å bevilge 5 milliarder kr til dette formålet. Vi er redd for at hele denne regningen blir skjøvet over på strømbrukerne. Det er et stort paradoks at de husholdningene som bruker den fornybare energikilden elektrisitet, skal betale en avgift til energiøkonomisering, mens f.eks. de husholdningene som bruker olje, ikke skal betale tilsvarende avgift. For det andre mener vi at enøkarbeidet bør prioriteres på lik linje med andre områder i forbindelse med statsbudsjettet. Vi synes det er uheldig at inntektene fra denne nye avgiften knyttes direkte til politiske satsingsområder.

Da Regjeringen varslet denne saken i budsjettproposisjonen, var det en del usikkerhet knyttet til fondets bruksområde. Noen snakket om et nytt energidirektorat, andre mente at dette organet skulle ha som oppgave å følge opp den nasjonale gasstrategien. Gjennom denne saken er dette nå avkreftet og ryddet opp i. Virksomheten vil være knyttet til energiøkonomisering og nye fornybare energikilder. Naturgass kan selvfølgelig være en del av disse prosjektene så lenge den er et supplement til andre energikilder.

Høyre har tidligere fått gjennomslag for kravet om en nasjonal strategi for bruk av gass på land. Der vil det være naturlig, slik flertallet foreslår, å komme tilbake til hvem som skal ha ansvaret for å følge opp en slik strategi.

Jeg er enig i den beskrivelsen som Kristelig Folkeparti, Venstre og SV gir av det aktive gassmiljøet på Haugalandet. Men det er etter vår oppfatning galt å opprette statlige organer før Stortinget har diskutert hva som er målet og strategien for bruk av gass på land. En slik strategi vil måtte omhandle bruk av gass i tre hovedperspektiver: som energi, i samferdsel og ikke minst som råvare i industri-/produktvikling. Det er helt åpenbart at enøkorganet, slik det er tenkt, ikke vil kunne ivareta alle disse sidene.

Med dette tar jeg opp forslag nr. 2, fra Høyre, og anbefaler Høyres gruppe å stemme mot innstillingens I, forslag til ny § 4-4, men ellers støtte innstillingen.

Presidenten: Representanten Bent Høie har teke opp det forslaget han refererte til.

Presidenten vil gjere merksam på at tida for formiddagsmøtet er omme. Presidenten vil foreslå at formiddagsmøtet blir forlenga inntil dagens kart er ferdigbehandla. – Det er vedteke.

Øyvind Vaksdal (Frp): Ved behandlingen av St.meld. nr. 29 for 1998-99 vedtok et flertall i Stortinget målsettinger om omlegging av energibruk og energiproduksjon. Flertallet var bekymret over at vi i Norge hadde et altfor høyt energiforbruk og vedtok derfor en del tiltak for å begrense dette forbruket samt en del tiltak for å legge om produksjon av energi. Til dette skulle en så bevilge 5 milliarder friske skatte- og avgiftskroner, bl.a. til å subsidiere energiproduksjon som ikke kunne stå på egne ben økonomisk.

Fremskrittspartiet tok selvfølgelig avstand fra dette, ikke minst på bakgrunn av at vi ikke har et høyere energiforbruk i norske husholdninger enn i de land vi normalt

sammenligner oss med. I tillegg til dette mente vi og mener fortsatt at det er fullstendig galt å drive med subsidiering av energiproduksjon i et land som nærmest flommer over av energi.

Fremskrittspartiet ser på energi som en ordinær handelsvare som fritt skal kunne omsettes i markedet uten innblanding fra det offentliges side. Vi tar derfor sterk avstand fra tiltak som er konkurransevridende, som subsidiering – som jeg allerede har vært inne på – og stadig innføring av høyere avgifter og nye avgifter, som den saken vi i dag behandler, også inneholder.

Regjeringen foreslår å organisere arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon på en ny måte. For å få dette til skal en nå bygge opp en ny og byråkratisk organisasjon. Finansieringen skal selvfølgelig skyves over på forbrukerne i form av en ny avgift.

Fremskrittspartiet vil selvfølgelig ikke være med på å bygge opp et nytt og totalt unødvendig byråkratisk organ. Vi vil heller ikke støtte en ny avgift som kommer på toppen av allerede altfor høye avgifter, men vi mener det må være den til enhver tid gjeldende markedspris på energi som må være avgjørende for om det skal være lønnsomt for forbrukerne å igangsette enøktiltak. Vi legger til grunn at landets bedrifter og husholdninger vil fokusere på å spare energi fordi den utgjør en kostnad som de fleste ønsker å få redusert. Vi mener derfor at det må være den enkeltes økonomiske gevinst som må være det viktigste incitament for å spare energi.

Av innstillingen går det fram at enkelte tar til orde for å etablere et nasjonalt senter for landbasert bruk av gass. Vi synes ikke det er riktig at vi på dette tidspunkt tar dette opp til behandling, på bakgrunn av at Regjeringen nå forbereder en stortingsmelding om disse spørsmål, som vi vil få til behandling senere.

Vi støtter derfor forslaget om å komme tilbake til hvem som skal ha ansvaret for å følge opp den nasjonale gasstrategien i forbindelse med den nevnte stortingsmeldingen.

Jeg vil til slutt signalisere at vi ønsker å stemme mot forslag til ny § 4-4.

Hallgeir H. Langeland (SV): Med unntak av Framstegspartiet er det relativt stor semje i denne saka, og det er utgangspunktet mitt. Det er òg positivt – for å snakka litt om gassen i starten – at eit fleirtal legg klare restriksjonar for bruken av gass på land. Det er klart at det er eit fleirtal i denne salen for gasskraftverk – Regjeringa kom jo til makta på ei sak om gasskraftverk – men sånn som det nå er formulert, blir det lagt opp til at det ikkje skal vera hovudstrategien, i alle fall ikkje i denne saka. Men Arbeidarpartiet er eit Ole Brumm-parti, så det kan jo vera at dei framleis vil seia: Ja takk, begge delar – sjølv om det ser ut som det går tregt med desse gasskraftverka.

Eg trur det er viktig at me nå får eit instrument som kan setta ein del teori ut i praksis. Me veit at det er ein heil del gode prosjekt som ikkje blir sette ut i praksis, bl.a. fordi dei ikkje får midlar. Nettopp derfor har SV sine budsjett heilt andre midlar i forhold til både å støtta forskning og å kunna gjera noko med energiproblematik-

ken generelt med utgangspunkt i det vanvittige klimaproblemet me står overfor, og som stadig vekker viser seg.

Eg trur at det organisatoriske grepet ein gjer nå, vil kunna føra til at me får meir konkret satsing på enøk, og at me får auka energieffektivitet. Klarar me å gjera det skikkeleg, vil ein del andre behov i forhold til auka kraftmengd bli reduserte.

Så er det òg ei usemje. Skal ein i eit sånt senter trekka inn eit fossilt brensel – eit brensel som medverkar til å auka klimagassutsleppa? Eller skal ein konsentrera seg om dei alternativa som er dei mest miljøvenlege? Og det er altså her me skal lag. SV og to av sentrumspartia meiner at me ikkje skal ha desse to tinga saman, at det kanskje kan svekka satsinga på dei beste miljøalternativa. Derfor er forslaget vårt å skilja gass ut som eit eige prosjekt, for det er nemleg òg fornuftig i ein del samanhengar. Me har gjennom ulike prosjekt på Haugalandet sett at gass kan medverka til å redusera klimagassutsleppa, noko som for SV er det viktigaste utgangspunktet. Me har sett det når det gjeld industriutvikling og produktutvikling. Me har sett i samferdselssektoren at om me legg opp til bruk av gass på land, er det mogleg å få bussar og bilar over på dette, dersom ein satsar på det. Me har sett at det går an å fasa ut bruk av meir forureinande kjelder som olje til fordel for gass, altså konkrete tiltak for å redusera klimagassutsleppa. Der er Haugalandet i front.

Då er spørsmålet til dei som har litt kvalar lokalt både her og der: Kva er gale med at me tar utgangspunkt i den plassen i landet som ligg i front når det gjeld bruk av gass på land, og seier at me her vil jobba vidare med dette og at me her vil laga eit nasjonalt senter som me kan visa fram til andre? Kva er gale med å slå fast det prinsippet? Det forstår ikkje eg.

Det er tydeleg at det er viktig for parti som Høgre og Arbeidarpartiet å syta for at ein ikkje får fart i utviklinga av bruk av gass på land i Haugaland-området før ein har ei ny melding om dette. Vårt forslag er at me tek det grepet nå, så får dei andre partia som sviktar dette forslaget, forklara kvifor dei ikkje kan ta dette grepet nå.

SV er stort sett fornøgd med det grepet som nå blir teke, med unntak av dette eine punktet.

Morten Lund (Sp): Vi har mye å gå på når det gjelder å redusere energiforbruket, når det gjelder å få en mindre forurensende energibruk, og når det gjelder å legge om til mer alternativt fornybart energibruk. Vi må lykkes, ellers kommer det fort til å gå i feil retning på alle disse tre områdene.

De tiltak som er knyttet til denne lovendringen, er positive med tanke på å få til de endringene som det er bred enighet om. Senterpartiet ønsker ikke at vi nå skal bestemme opprettelse av et nasjonalt senter for naturgass, som tre partier nå mener vi skal beslutte. Vi ønsker å ha en nærmere utredning av hvorvidt det trengs et kompetansesenter for naturgass, og eventuelt lokaliseringen av det.

Senterpartiet mener at det er på sin plass å la det nye fondet og det nye enøkorganet støtte naturgassprosjekter

der naturgass er et supplement til andre energikilder. Trondheim er av Regjeringen valgt som lokalisering for dette enøksenteret. Det er et godt og naturlig valg, og det mener jeg å kunne si uten å ha sagt noe negativt om Haugalandet.

Gunnar Kvasheim (V): Den saken vi i dag behandler, er en oppfølging av energimeldingen som sentrumsregjeringen la fram. Der ble det tatt ambisiøse grep for å få økt satsing på enøk og fornybare energikilder. Et hovedgrep var opptrapping av bevilgningene til disse formålene, et annet grep var den organiseringen av enøkarbeidet som vi i dag diskuterer. Venstre støtter det forslaget som Regjeringen har fremmet, og støtter Regjeringens valg av lokalisering av den enheten til Trondheim.

Jeg er av den oppfatning at det er viktig å understreke at det vi skal etablere i Trondheim, ikke skal være en byråkratisk, tung og ressurskrevende enhet. Jeg tror det er viktig at Stortinget følger nøye med på at vi får en enhet som setter pengene i bruk, og ikke en enhet hvor midler blir administrert bort.

Vi har et nett av enøkentre i landet vårt, og flere av disse har fungert svært bra. Det er viktig at den nye enheten i Trondheim innrettes slik at det blir et aktivt samspill med de lokale kompetansemiljøene, slik at de kan beholdes og videreutvikles. Dette er òg en måte å sikre en god desentralisert effekt av enøk-arbeidet på.

Det arbeides nå med en nasjonal strategi for bruk av gass innenlands. Det er et viktig arbeid, og Venstre ønsker å trappe opp innsatsen på dette området. Det må òg reflekteres i de bevilgningene som Stortinget gjør. Vi ønsker ikke et enøkorgan som skal håndtere denne gasssatsingen, for vi tror at det vil bidra til å få fokus bort fra enøkarbeidet og satsingen på de fornybare energikildene. Venstre ønsker å bygge opp et gassenter i Nord-Rogaland, hvor det ligger til rette for det. Jeg mener at det rette tidspunkt å treffe et slikt valg på er nå. Så kan en bygge opp denne enheten og innarbeide den gasstrategien som en senere skal utforme.

Jeg er skuffet over at flertallet ikke slutter seg til det opplegget som Kristelig Folkeparti, Venstre og SV har, men jeg registrerer det som i realiteten foreligger: at dette er en utsettelse av denne avgjørelsen. Det betyr at vi på et senere tidspunkt får anledning til å ta en ny debatt om lokaliseringen av et slikt gassenter, eksempelvis i Nord-Rogaland. Jeg ser at det er noe ulik tilnærming til denne problemstillingen fra Høyre og Arbeiderpartiet. Det virker nærmest som om Høyres Bent Høie gleder seg til denne nye runden, som kan føre fram til en lokalisering av et gassenter i Nord-Rogaland, mens saksordføreren i en bisetning nærmest gav inntrykk av at dette var et pliktøp som en så seg nødsaget til å gå.

Det er behov for å trappe opp bevilgningene til enøkarbeidet og til fornybare energikilder. Det er ikke nok bare med påslag på overføringstariffen. Det må ikke bli en sovepute i det arbeidet som flertallet i Stortinget har sagt at de vil gjennomføre, å trappe opp de årlige bevilgningene i statsbudsjettet med 500 mill. kr til dette formålet.

Det er svært mye å hente på sparing når det gjelder energi, og det er svært mye å hente på intensivert satsing på fornybare energikilder. Utgangspunktet er ikke at vi har en krisesituasjon som gjør at vi er nødt til å gå for løsninger som ikke er bærekraftige og miljømessig fornuftige i et langsiktig perspektiv, vi har den handlefrihet vi trenger for å treffe de gode miljøvalgene. Energi- og miljøkomiteen var nylig i Tyskland og fikk innsikt i energipolitikken som det der arbeides med. Et av elementene i den politikken var en målsetting om å redusere energiforbruket i perioden 2010-2020. Det ville være naturlig å ha en tilsvarende ambisjon i Norge, ja gjerne enda mer offensiv ambisjon. Det enøkorganet som vi etablerer i Trondheim, bør settes i stand til å bli en pådriver i denne retningen. Med omfattende sparing etter en helt annen strategi enn den man har fulgt så langt, og med et helt annet trykk, bør vi få fart på arbeidet med fornybare energikilder. Jeg savner for øvrig den handlingsplanen som Regjeringen har sagt den vil komme med for å stimulere bygging av rene gasskraftverk. Det er også nødvendig å få den fram slik at det blir de rene gasskraftverkene som blir valgt, og ikke de sterkt forurensende, med en teknologi som i praksis er avleggs.

Venstres ambisjoner når det gjelder energipolitikken, er å kombinere et sterkt arbeid med energiøkonomisering med det å bli en stor nettoeksportør av ren energi.

Statsråd Olav Akselsen: Denne saka er ein svært viktig del av strategien for å leggja om energiproduksjonen og energibruken i Noreg. Med denne lovendringa legg me grunnlag for ei heilt ny og meir effektiv organisering av arbeidet for å avgrensa energibruken, vri forbruket frå elektrisitet til miljøvennleg varme og auka produksjonen av alternativ energi. Eg er derfor glad for den store oppslutninga denne saka ser ut til å få i dag.

Dagens måte å organisera dette arbeidet på er både fragmentert og lite målretta. Lovpålagd enøk er finansiert gjennom eit påslag på nett tariffen, og arbeidet blir oftast utført av regionale enøksenter. Arbeidet er avgrensa til nøytral informasjon og rettleiing. For liten fleksibilitet i bruken av pengane, problem med å etterprøva resultat og manglande motivasjon hos nettselskapa, som er eigarane, tyder på at ting kan gjerast betre enn i dag.

Noregs vassdrags- og energidirektorat kan koma opp i situasjonar der rolla som konsesjonsmyndigheit og regulator er i konflikt med arbeidet for å fremja auka bruk av fornybar energi. Som direktorat er NVE òg bunde av ei rekkje institusjonelle rammer som gjer det vanskeleg med ei langsiktig og meir aktiv satsing. Arbeidet med omlegging av energiproduksjon og energibruk må organiserast på ein annan måte for at me skal oppnå dei resultatane som me ønskjer.

Lovendringa byggjer opp under den breie semja om dei energipolitiske måla som kom fram i innstillinga til energimeldinga i fjor vår. Eit fleirtal var samd i målet om å avgrensa forbruket, om å ta i bruk 3 TWh ny vindkraft og 4 TWh med vassboren varme basert på nye fornybare energikjelder, varmpumper og spillvarme innan 2010.

Desse måla ligg òg til grunn for Regjeringa sin politikk på dette området.

På bakgrunn av innstillinga blir det no oppretta eit energiorgan i Trondheim før sommaren, og det nye organet skal bera namnet Enova.

Like viktig som organiseringa er det at lovendringa fører til ei ny finansiering av dette arbeidet. Det at påslaget på nett tariffen blir obligatorisk, og at me opprettar eit energifond, vil medverka til ei meir fleksibel og langsiktig finansiering.

Aktivitetane til Enova skal finansierast av energifondet. Det skal setjast konkrete og langsiktige resultatmål for bruken av midlane i fondet. Stortinget vil årleg bli orientert om resultatet av arbeidet. Effekten av tiltaka skal evaluerast etter fire år.

Føremålet med denne omlegginga er å få ei meir slagkraftig og offensiv organisering av arbeidet for å nå dei energipolitiske måla. Derfor overraskar det meg at ein skilde parti ønskjer å splitta opp og byråkratisera dette arbeidet no. I samband med budsjettet for inneverande år var det brei semje om at ein ønskte å stimulera til bruk av gass i system med vassboren varme. Med mindretallet sitt opplegg ville slike prosjekt for framtida måtta senda to søknader og venda seg til to ulike byråkrati. Det vil vera eit tilbakeslag òg i forhold til den måten dette arbeidet er organisert på i dag.

Naturgass er etter mitt syn ein viktig del av arbeidet med omlegging av energisystemet. Naturgassen vil i framtida spela ei langt viktigare rolle enn i dag. Det er bra både for næringsutvikling, for miljøet og for energiforsyninga.

Heilt til slutt vil eg seia at dette nye organet er avhengig av å knytta til seg ekstern hjelp for å kunna gjera jobben. Dette skal altså ikkje vera eit utøvande organ, så m.a. i samband med arbeid i tilknytning til gass og andre energikjelder vil ein òg i framtida ha behov for dei miljøa som eksisterer på dette området i dag.

Presidenten: Det vert replikkordskifte.

Øyvind Vaksdal (Frp): Bakgrunnen for den saken vi behandlar i dag, er en oppfølging av de tiltakene som ble vedtatt under behandlingen av energimeldingen i fjor. Og der slo flertallet fast med bred penn at vi i Norge var noen store sløsere av energi, til tross for at vi i Fremskrittspartiet kunne vise til en mengde statistikk som viste det motsatte. Så sent som i forrige uke kom det en ny oversikt fra NVE som nok en gang slår hull i den myten at vi er så store energisløsere i Norge. Jeg vil derfor spørre statsråden: Vil Regjeringen nå ta hensyn til de nye signalene som er kommet fra NVE, og se på norsk energibruk med nye øyne, eller vil Regjeringen fortsatt arbeide for å redusere forbruksveksten ved hjelp av stadig høyere avgifter for norske forbrukere?

Statsråd Olav Akselsen: Det er rett at undersøkingar viser at me i Noreg har omtrent den same energibruken som i andre land. Det betyr sjølv sagt ikkje at ein i Noreg og i desse andre landa ikkje kan bli meir effektive og ut-

nytta denne energien på ein betre måte enn det som er tilfellet i dag. Det som er spesielt med Noreg, er at me i all hovudsak brukar elektrisitet i vår energibruk, mens dei fleste av våre naboland har eit mykje vidare spekter og ein større variasjon i energikjeldene.

Vår politikk går ut på å følgja opp dei målsetjingane som blei trekte opp i fjor i energimeldinga, og som etter mitt syn var godt grunngeevne. Me ønskjer å bruka energien på ein meir effektiv måte enn det som er tilfellet i dag. Dette ønskjer me ut frå omsynet til miljøet. Men det er òg eit viktig nytt moment som har kome inn i forhold til då me behandla dette i fjor – iallfall vil eg vektleggja det sterkare enn det ein gjorde i fjor – nemleg at elektrisitet no er i ferd med å bli eit gode det er knappleik på i det norske samfunnet, og at det derfor er eit større krav til oss når det gjeld å utnytta denne energikjelda på ein effektiv måte slik at me får mest mogleg igjen av den. Og det er slik at f.eks. dei varmebehova som me har, kan vi få dekt sjølv om vi reduserer bruken av elektrisitet til det formålet.

Hallgeir H. Langeland (SV): Eg synest det er interessant å høyra statsråd Akselsen snakka så mykje og så positivt om miljø, energieffektivitet, enøk osv. Men det er ei problemstilling som då reiser seg iallfall for meg: Når ein skal leggja om energibruken og energiproduksjonen, som statsråden la vekt på, betyr ikkje det at ein på ein måte må svekka andre målsetjingar som ein har f.eks. i forhold til auka produksjon av elektrisitet gjennom bl.a. gasskraftverk? Vil statsråden med utgangspunkt i dette med energieffektivitet arbeida for at ein skal bygga gasskraftverk som ikkje utnyttar energien meir enn 60–65 pst., når ein veit at det er mogleg å utnytta over 90 pst. av energien? For argumentasjonen blir litt hol dersom ein ting skal gjelda for huslydar og ein anna ting for gasskraftverk når det gjeld dette med f.eks. varmegjenvinning. Der synest eg at statsråden har eit forklaringsproblem, men han kan kanskje forklara det i ein replikk.

Så til ein litt merkeleg argumentasjon frå statsråden i forhold til eit mindretalsforslag om gassenter. Han seier at det vil føra til auka byråkratisering, og at ein må senda to søknader. Det er ein merkeleg argumentasjon frå ein statsråd at det er det som er problemet. Det må jo kunna løysast ved eit organisatorisk grep frå statsråden si side. Dette synest eg ikkje held som sakleg argument.

Men lat meg spørja om det er sånn å forstå at statsråden er einig i at det er eit område i Noreg som er i front når det gjeld bruk av gass på land, og at det er naturleg å utvikla sånne område i staden for å begynna på nytt ein heilt annan plass.

Statsråd Olav Akselsen: Representanten Langeland hevda at eg har eit forklaringsproblem når det gjeld spørsmålet om gasskraftverk. Eg har ein mistanke om at på dette området finst det òg eit forståingsproblem og ein mangel på ønske om å forstå. Eg trur eigentleg ikkje me skal bruka så veldig mykje meir tid i denne saka på å snakka om gasskraftverk, for anten ein er tilhengar av det

eller ikkje, må det vera eit mål for alle at me skal utnytta den energien me har tilgang til, på ein mest mogleg effektiv måte. Så er det sjølv sagt slik at me som er tilhengarar av å bruka gasskraftverk, meiner at alternativet er import av kolkraft, så der vil eg hevda at det er fleire andre òg som har eit forklaringsproblem. Men eg håpar likevel at me ikkje skal ha fleire repetisjonsøvingar på det i dag.

Så til spørsmålet om utnytting av gassen. Der er det sjølv sagt slik at ein i Haugesund har gjort eit veldig godt arbeid, på same måten som ein har gjort det eit par andre plassar i Noreg. Etter mitt syn er det ingenting i det som fleirtalet i dag vedtar, som vil forhindra at det arbeidet kan fortsetja, for i framtida må dette nye energiorganet som no er oppretta i Trondheim, henta hjelp utanfrå for å gjennomføra dei oppgåvene dei tar på seg. Sånn sett kan dei då kjøpa den tenesta frå dei som i dag har denne kompetansen.

Men eg er mykje meir opptatt av at me heller brukar dei pengane me har tilgjengeleg, til å byggja røyrleidningar enn til å betala byråkratar. Eg veit at det er sett av 20 mill. kr til gassformål på ein eigen pott på inneverande års budsjett. Dei trudde eg skulle gå til å byggja røyrleidningar i terrenget for å få fram gassen. Men skal ein oppretta eit eige organ som berre skal ha ansvaret for gass, er eg redd for at pengane kjem til å gå med til å løna dei byråkratane i staden.

Så seier Langeland at me må finna eit organisatorisk grep for å ordna opp i den saka. Det er det me har gjort. Me har foreslått at dette skal liggja saman, fordi det heng saman, og derfor bør desse søknadene bli behandla *ein* plass.

Gunnar Kvasheim (V): Dersom det er i den størrelsesorden som statsråden nå gir uttrykk for, at han tenker seg et byråkrati knyttet til opprettelsen av nye organ, henført også til Trondheim, så er det all grunn til å følge med i etableringen der med stor årvåkenhet – for det må bli et organ preget av lite byråkrati og et sterkt ønske om å sette pengene i bruk ute i felten. Det organet som skal opprettes i Trondheim, er et ledd i en offensiv politikk for å satse på enøk og fornybare energikilder.

Sammen med et organ må det følge penger som gjør at en kan få utrettet noe. Det forelå det planer om i det felles opplegget som sentrumpartiene og Arbeiderpartiet hadde. Dessverre var det slik at arbeiderpartiregjeringen i sitt første budsjett reduserte bevilgningene til disse formålene betydelig. Nå ble dette noe forbedret gjennom budsjettavtalen i Stortinget og sentrumpartiernes medvirkning der.

Nå er det kjent at Arbeiderpartiet har vært på budsjettkonferanse på Halvorsbøle, og det har vært rikelig med lekkasjer på en rekke områder. Det kunne ha vært interessant å høre om statsråden i bagasjen fra Halvorsbøle hadde med seg de bevilgningene til enøkarbeid og fornybare energikilder som trengs for å følge opp energimeldingen, og som trengs for å utstyre det organet vi nå oppretter i Trondheim, med den handlekraft det trenger for å nå de målsettinger vi har på dette området.

Statsråd Olav Akselsen: Dette synest eg var eit interessant spørsmål frå ein tidlegare parlamentarisk leiar. Eg lurar då på om det var slik sentrumspartia opererte etter at dei hadde vore på interne konferansar i regjeringa, at dei sprang rundt og forklarte og fortalde om kva som hadde blitt resultatet. Men eg vil likevel seia at det var ikkje noko anna resultat enn at ein held fram med dette arbeidet, og at budsjettet blir lagt fram i oktober.

Så er det slik at det blir påstått at ein reduserte løyvingane på dette området monaleg i fjor. Det vil eg reservera meg sterkt mot. Det som har vore tilfellet, er at me har hatt ein sterk vekst i løyvingane i nokre år, med det resultatet at pengane ikkje er blitt brukte. Det førte til at ein i 1999 måtte skriva løyvingane ned til null fordi ein ikkje fekk pengane til utbetaling. Og det var ikkje fordi det ikkje var behov for pengane, men rett og slett fordi det tar ein viss periode å gjennomføra den aktiviteten. Det er ein av grunnane til at vi no legg om til eit fond, slik at ein skal sleppa å løyva pengane for så å betala dei inn igjen til statskassa når hausten kjem.

Det den førre regjeringa gjorde då dei skreiv desse løyvingane ned i null, var å koma med ei tilsegnsmakt, slik at desse pengane kunne disponerast. Då me tok over makta, såg me at me kom i den same situasjonen – me fekk ikkje brukt opp pengane. Derfor trekte vi inn noko pengar og laga ei tilsegnsmakt. Det innebar at aktiviteten ikkje blei nemneverdig redusert. Og i motsetnad til den førre regjeringa, som trekte inn pengane i 1999, valde altså me å overføra dei til inneverande år, slik at dei pengane er til disposisjon og kan bli brukte framover. Eg vil derfor åtvare mot å seia at aktiviteten på dette området er monaleg redusert. Ein må sjå tilsegnsmakt og løyving under eitt, og det er det som samla gjev aktiviteten på dette området.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed avslutta.

Fleire har ikkje meldt seg på talarlista, og debatten i sak nr. 1 er slutt.

(Votering, sjå nedanfor)

Etter at det var ringt til votering i 5 minuttar, sa

presidenten: Odelstinget skal då gå til votering.

Votering i sak nr. 1

Presidenten: Under debatten er det sett fram to forslag. Det er

– forslag nr. 1, frå Bror Yngve Rahm på vegner av Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti og Venstre

– forslag nr. 2, frå Bent Høie på vegner av Høgre
Forslag nr. 1 lyder:

«Det etableres et nasjonalt senter for landbasert bruk av gass. Senteret lokaliseres på Haugaland.»

Forslag nr. 2 lyder:

«Enøk-fondets inntekter bevilges over statsbudsjettet.»

Desse forslaga blir i samsvar med forretningsordenens § 30 fjerde ledd å sende Stortinget.

Komiteen hadde rådd Odelstinget til å gjere slike vedtak:

A

L o v

om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

I

I lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 3-4 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. Det kan fastsettes *vilkår om utarbeidelse av planer for en rasjonell energiforsyning innen området.*

V o t e r i n g :

Tilrådinga frå komiteen vart samrøystes vedteken.

Vidare var tilrådd:

Ny § 4-4 skal lyde:

§ 4-4. (Omlegging av energibruk og energiproduksjon)

Departementet kan bestemme at omsetningskonsesjonær som tariffierer netttjenester skal legge et påslag i tariffen for uttak av elektrisk energi til sluttforbruk i nettet, som skal betales som bidrag til et energifond.

Fondets midler skal anvendes til tiltak rettet mot omlegging av energibruk og energiproduksjon i samsvar med vedtekter som fastsettes av departementet.

Skyldig bidrag er tvangsgrunnlag for utlegg. Betales bidraget ikke til forfallstid, svares rente som fastsatt i medhold av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

Departementet gir forskrifter om utforming og gjennomføring av ordningen, herunder om størrelse på påslaget, grunnlag, beregning av bidraget, innbetalinger til fondet, rente, oppkreving og kontroll m.m.

Presidenten: Her har Høgre og Framstegspartiet varsla at dei går imot.

V o t e r i n g :

Tilrådinga frå komiteen vart vedteken med 56 mot 20 røyster.

(Voteringsutskrift kl. 15.40.20)

Vidare var tilrådd:

II

Lova gjeld frå den tid Kongen avgjer.

V o t e r i n g :

Tilrådinga frå komiteen vart samrøystes vedteken.

Presidenten: Det blir votert over overskrifta til lova og lova i det heile.

V o t e r i n g :

Overskrifta til lova og lova i det heile vart samrøystes vedteken.

Presidenten: Lovvedtaket vil bli sendt Lagtinget.

Vidare var tilrådd:

B

Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med en vurdering av hvem som skal ha ansvaret for å følge opp den nasjonale gasstrategien i forbindelse med behandlingen av den varslede stortingsmeldingen om naturgass.

Presidenten: B blir i samsvar med forretningsordenens § 30 fjerde ledd å sende Stortinget.

S a k n r . 2

Referat

1. (75) Lagtingets presidentskap melder at Lagtinget har antatt Odelstingets vedtak til
1. lov om endringer i folketrygdloven og barnetrygdloven (trygd på kontinentalsokkelen) (Besl. O. nr. 67 (2000-2001))
2. lov om endringer i avgiftslovgivningen (Utsatt opphevelse av investeringsavgiftsloven m.v.) (Besl. O. nr. 68 (2000-2001))
3. lov om endringer i lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (Besl. O. nr. 69 (2000-2001))
– og at lovvedtakene er sendt Kongen.
Samr.: Blir lagde ved møteboka.
2. (76) Lov om endring i lov 26. mars 1999 nr. 14 skatteloven (forhøyelse av avskrivningssats for landbruket) (Ot.prp. nr. 50 (2000-2001))
Samr.: Blir send finanskomiteen.
3. (77) Lov om endringer i lov 8. desember 1950 nr. 3 om norsk riksborgarrett (Ot.prp. nr. 49 (2000-2001))
Samr.: Blir send kommunalkomiteen.

Møtet slutt kl. 15.45.
